

Doktor Proktors prompepulver

Bulle får ein idé

Bulle og Lise besøkjer doktor Proktor. Doktor Proktor er ein sprø professor som har funne opp noko hemmeleg. Eigentleg skulle ikkje Lise vite noko om det, men Bulle har røpt seg. No vil han prøve oppfinninga igjen.

Bulle tok fram ei skei og stakk ho ned i pulveret.

«Forsiktig,» sa professoren. Begynn med ei kvart skei.

«Greitt,» sa Bulle og stakk ei kvart skei med pulver i munnen.

«Då startar vi nedteljinga,» sa doktor Proktor. «Sju-seks-fem-fire-tre ... Hei, ikkje stå der rett bak han, Lise!»

I det same small det. Lise kjende ho blei treft av eit lufttrykk, og måtte setje seg på golvet. «Det der kallar eg jammen ein promp!» sa ho.

Så var det doktor Proktors tur til å prøve. Det small skikkeleg!

Bulle ville prøve igjen. Han tok ei heil teskei full. «Det kiler i magen!» sa han.

Då det small, måtte dei leite etter Bulle. Han låg langt borte i graset. Buksebaken hans hadde rivna.

Professoren meinte det var greitt å avslutte testinga for denne gongen.

Dei sat og snakka om kva dei kunne bruke prompepulveret til.

Etter mange rare forslag fann dei ut at dei kunne selje det på 17. mai og nyttårsaftan. Då vil jo folk som regel ha litt smell og brak.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 6A side 141.

Gjer oppgåvene 1–7.

